



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/515 - 19/10168

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

27.03.2019

## Oversender søknad om frådelling av ny grunneigedom med eksisterande bustad til uttale - gbnr 64/1 Myksvoll øvre

**Tiltak:** Oppretting av ny grunneigedom

**Byggjestad:** Gbnr: 64/1


**Tiltakshavar:**

Saka gjeld søknad om frådelling av bustad nr. 2, med adresse Titlandsvegen 32, på gbnr 64/1 Myksvoll øvre. Bustaden som er søkt frådelt vart godkjend oppført i 1975. Tiltakshavar bur i bustaden i dag. Det er opplyst i søknaden at parsellen skal delast frå til dagens eigar. Det er ikkje drift på garden i dag.

Det er i søknaden vist til to ulike alternative parsellar.

Parsell 1 omfattar bustad nr. 2, driftsbygning og garasje og har eit areal oppgitt til 2 849 m<sup>2</sup>.

Parsell 2 omfattar bustad nr. 2 og garasje og har eit areal oppgitt til 1 572 m<sup>2</sup>.



Alt. 1



Alt. 2

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



Gbnr 64/1 er eit gardsbruk på ca 183 dekar, jf. Nibio sitt gardskart. Det er ikkje drift på garden i dag. Det er opplyst i søknaden at eksisterande driftsbygning ikkje er hensiktsmessig og i dårleg stand slik at oppgradering til gjeldande krav ikkje er kostnadsmessig forsvarleg. Ved ny drift på gardsbruket er det planen å føra opp ny driftsbygning på vestsida av kommunevegen og bak bustad nr. 1.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk (H510\_oL34).

Utsnitt frå KPA



Ortofoto 2015



### VURDERING

Søknaden om frådelling er ikkje i samsvar med gjeldande plan og krev at det vert gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen.

### Veglova

Bustaden har i dag avkøyringsløyve frå kommunal veg.

### Jordlova

Frådelinga vil krevja handsaming etter jordlova. Søknaden vert oversend landbruksavdelinga for handsaming etter særlov når høyringsfristen er ute.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 64/1 Myksvoll øvre

Situasjonskart

Søknad om dispensasjon

Gbnr 64-1 kommuneplan

Gbnr 64-1 grunnkart

Gbnr 64-1 Ortofoto 2015

Gbnr 64-1 Gardskart

**Kopi til:**

Hilmar Andersen

Titlandsvegen 32 5912

SEIM

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900 5020

BERGEN

Landbruksavdelinga

her

Planavdelinga

her

Vegavdelinga

her